



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
131/19	Formannskapet	16.10.2019

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr. 19/86 - 17
-----------------------------	--------	-------------------------

Detaljreguleringsplan for RV5/E16, Håbakken med avkøyrslar og lokalvegnett - utlegging til offentleg ettersyn

Kort samandrag:

Norconsult har på oppdrag frå Lærdal kommune utarbeida framlegg til detaljreguleringsplan for RV5/E16, Håbakken avkøyrslar og lokalvegnett, i Lærdal kommune. Planen sikrar løysingar for framtidig E16 og nye kryss langs eksisterande E16 forbi næringsområda i området med ny lokalveg sør for E16. Planframlegget kan no leggjast ut til offentleg ettersyn og høyring.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtek å leggja framlegg til Detaljreguleringsplan for RV5/E16, Håbakken med avkøyrslar og lokalvegnett til offentleg ettersyn og høyring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10.

16.10.2019 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-131/19 Vedtak:

Formannskapet vedtek å leggja framlegg til Detaljreguleringsplan for RV5/E16, Håbakken med avkøyrslar og lokalvegnett til offentleg ettersyn og høyring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10.

Vedlegg:

Planomtale
Føresegner
Plankart
Innspel samla
ROS-analyse
Teikning C-001
Teikning D-001
Teikning D-301
Teikning D-302
Teikning X-001-E03

Relevante dokument i saka

KS-sak 088/18

FS-sak 032/19

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-10.

Saksutgreiing

I arbeidet med å utvikle næringsarealet på Håbakken gjennom Områdereguleringsplan for Håbakken, delområde 1, vart det slege fast at det var behov for å detaljregulere for ny avkøyrsløse frå E16 for å få best mogleg løysing for tilkomst til dette området. For å lage ny avkøyrsløse her, må andre avkøyrsløse langs E16 i området stengjast. Det var difor behov for å sjå på strekningen på begge sider av E16 for å leggje til rette for gode tilkomststar og lokalvegnett til bebuarar, landbruksareal og næringsareal.

Lærdal kommune engasjerte Norconsult AS til å utarbeide planframlegget, og dei har no kome fram med framlegg til plankart, føresegner, planomtale og Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

Reguleringsplanen fastslår løysingar for tilkomst til næringsområde og eigedomar ved Håbakken, på begge sider av E16, frå rundkøyringa mellom E16 og Rv.5 til forbi næringsområdet, eit strekke på tilnærma 650 meter.

Planframlegget femnar om delstrekninga frå rundkøyringa Rv 5/E16 og sør-austover E16 langs Håbakken Næringspark der det skal etablerast ny tilkomst til næringsparken på nordsida

og ny passeringsslomme på sørsida. E16 er gitt ei linjeføring med vegbreidd som samsvarar med opparbeidd veg.

Lokalvegnettet sør for E16 er òg ei vidareføring av noverande opparbeidd og regulert arealbruk, men med mindre justering av linjeføring. Avkøyrsla frå E16 til Tønjum grendahus (kalla Tinghall) og naboeigedommar er føresett stengt for å etablere nytt vegkryss og tilkomst til næringsområde på nordsida.

I planen er det sett av areal slik at ny E16 med tilkomst til Håbakken næringspark kan opparbeidast med utgangspunkt i vedteken plan og kommunedelplan Tønjum - Ljøsne. For den framtidige vegen som ikkje er regulert er det lagt til grunn vegklasse H1 (Statens vegvesen, Handbok N100/2019).

Det vart tidleg i planprosessen vurdert at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande, så det er ikkje utarbeida konsekvensutgreiing til planen.

Kommunestyret vedtok i desember 2018 oppstart av reguleringsplanprosess. Oppstart av planarbeid vart varsla med brev til alle grunneigarar og naboar til planområdet, og med kunngjering på heimesida og i Sogn Avis. Det vart arrangert ope informasjonsmøte før frist for uttale gjekk ut. Administrasjonen har og hatt møte og synfaringar med fleire av grunneigarane på området.

Det har vore eigen dialog med Slinde Transport for å komme til semje om ny avkøyrsla, stenging av avkøyrsla og kjøp av næringsstomt. Desse forhandlingane er ikkje slutførde, og Magne Ahlin har signalisert at han ikkje er samd med kommunen om løysinga som no ligg føre. Administrasjonen vil arbeide vidare med desse forhandlingane parallelt med planarbeidet.

Formannskapet vedtok i møte 13.03.19 (fs-sak 032/19) å avgrense planområdet til å gjelde berre arealet aust for rundkøyringa.

Norconsult har hatt kontinuerleg dialog med Statens Vegvesen om utarbeiding av planframlegget. Statens vegvesen har komme med fleire krav til løysingar, spesielt i forhold til stenging av andre avkøyrslar, avkøyringsfiler og utforming av avkøyrslar og avstand

mellom E16 og lokalvegnett.

Vurdering

Etter varsel om planoppstart, kom det inn 10 merknadar. Innspela er oppsummert og vurdert i kapittel 8 i planomtalen, og administrasjonen viser til vurderingane som er gjort her.

Når det gjeld fylkeskommunen si kulturavdeling, så varsla dei under oppstart av planarbeidet at dei ynskja arkeologiske undersøkingar i store delar av planområdet. Dette er sidan trekt tilbake av kulturavdelinga.

Det er utarbeida ROS-analyse til planframlegget i tråd med Plan- og bygningslova. Det kjem her fram at analyseområdet står fram generelt som lite sårbart. Område for skredfare er innarbeida i plankart som omsynssone. Ved detaljprosjektering av tiltak på og langs vegen er det føresett at det vert føreteke fareidentifikasjon og eventuell risikovurdering av dei tekniske løysingane.

Alle planframlegg skal vurderast i høve Naturmangfaldlova § 8-12. Ein viser her til vurdering gjort av Norconsult i kapittel 6.6 i Planomtalen. Administrasjonen er samd i vurderinga som er gjort her i høve Naturmangfaldlova.

Når det gjeld Tinghall grendehus, har det vore eit ynskje frå ungdomslaget at Tinghall får att parkeringsareal som går «tapt» til lokalvegnettet. Administrasjonen har vore i dialog med grunneigar på tilgrensande areal, som meiner det kan leggjast til rette for å utvide parkeringsarealet noko på hans landbruksareal. Området til Tinghall grendehus er difor utvida noko mellom bygningen og vegtilkomst til Grønsberg, for å ha moglegheit til å utvide parkeringsarealet seinare, dersom det vert behov for dette.

Det er ikkje kome fram til semje om løysing med ny avkøyrsløse og stenging av eksisterande avkøyrsløse med Slinde Transport (v/Magne Ahlin). Dette er ein del av ein større prosess der også kjøp av næringsstomt er ein del av forhandlingane. Administrasjonen (ved næringssjef, rådmann og leiar for tekniske tenester) vil halde fram med desse forhandlingane. Administrasjonen vurderer likevel at det er rett å leggje framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn no, slik den ligg føre. Dette fordi den tilfredstiller store krav til løysingar frå Statens vegvesen, og det er ikkje rom for store endringar i løysinga. Framdrifta i planprosessen er svært viktig for å sikre moglegheit for andre næringsaktørar å etablere seg i området. Administrasjonen vil arbeide parallelt med forhandlingane med Slinde Transport.

